



## STORTINGET

# Innst. 197 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget  
frå næringskomiteen

Meld. St. 10 (2024–2025)

### Innstilling frå næringskomiteen om Prinsipper for tallgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken

Til Stortinget

## Innleiing

### Bakgrunn

Ved behandlinga av Prop. 105 S (2023–2024) Jordbruksoppgjøret 2024, som eit laust forslag til Innst. 448 S (2023–2024), gjorde Stortinget vedtak nr. 847, 21. juni 2024, med følgjande ordlyd:

«Stortinget ber regjeringa innan februar 2025 på nytt komme tilbake med egen sak med forslag til prinsipper for beregning av inntekt i jordbruket og sammenligning med andre grupper, for å sikre demokratisk forankring av tallgrunnalet til bruk i jordbruksoppgjørene og legitimitet til forhandlingsinstituttet.»

### Prinsipper for tallgrunnlag m.m.

Den 3. februar 2025 inngjekk Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Pasientfokus ein avtale om prinsippa for tallgrunnlag i jordbruksoppgjøret m.m. Avtalen er attgjeven i Meld. St. 10 (2024–2025) kapittel 2. Avtalen inneheld semje om ei endring av timetalet per årsverk i jordbruket, stadfesting av normeringsfaktoren frå jordbruksoppgjøret 2024, prioritering av Nord-Noreg i neste oppgjer og lovnad om eit forslag om ein jordbrukskonto med verknad frå 2025. I tillegg inneheld avtalen ei målsetting om produksjon av

økologisk mat, der 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2032.

Når det gjeld saka om jordbrukskonto, viser regjeringa til omtalen i Prop. 1 LS (2024–2025) Skatter og avgifter 2025 kapittel 15, der det står at ei ordning med jordbrukskonto framleis er under utgreiing. Finansministeren vil kome attende til Stortinget med ei endeleg utgreiing av saka.

Avtalen om redusert timetal per årsverk vil gi auka behov for løyvingar over jordbruksavtalen, alt anna likt. Også målet for økologisk jordbruk og prioriteringa av Nord-Noreg vil innebere økonomiske konsekvensar, som i stor grad vil handterast innanfor jordbruksavtalen sine rammer.

## Behandlinga i komiteen

Komiteen opna for skriftlege innspel og mottok 56 innspel. Dei skriftlege innspela er gjort tilgjengelege på saka si side på stortinget.no.

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Rita Hirsum Lystad, Runar Sjøstad, Rune Støstad og Solveig Vitanza, frå Høgre, Nikolai Astrup, Olve Grotle, Sveinung Stensland og Henning Wold, frå Senterpartiet, Nils T. Bjørke, Jenny Klinge og leiaren Erling Sande, frå Framstegspartiet, Lill Harriet Sandaune og Bengt Rune Strifeldt, frå Sosialistisk Venstreparti, Kari Elisabeth Kaski, frå Raudt, Geir Jørgensen,

frå Venstre, Alfred Jens Bjørlo, og frå Miljøpartiet Dei Grøne, Rasmus Hansson, merkar seg at meldinga er ei oppfølging av anmodningsvedtak nr. 847 som vart vedteke under behandling av Prop. 105 S (2023–2024) Jordbruksoppgjæret 2024, jf. Innst. 448 S (2023–2024). Komiteen merkar seg at prinsippa for talgrunnlag m.m. som ligg til grunn for meldinga, er ein avtale inngått av Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Pasientfokus den 3. februar 2025.

Komiteen registrerer at avtalepartane er einige om ein modell for måling av inntektsnivå i jordbruket som inneber at timetalet vert redusert med 50 timar til 1 700 timar i to like trinn med verknad for kalenderåra 2026 og 2027. Vidare legg avtalen til grunn at normeringsfaktoren, avsetjing til investeringar i avskrivbar eigenkapital og samanlikningsgruppe skal ligge fast i tråd med talgrunnlaget slik som det vart nytta under fjorårets jordbruksoppgjæret.

Komiteen merkar seg vidare at avtalen føreset at regjeringa skal legge fram eit forslag til jordbrukskonto som skal ha verknad frå kalenderåret 2025, og ei ny målsetting om produksjon av økologisk mat og at Nord-Noreg skal få ei kraftig prioritering ved neste jordbruksoppgjæret.

Komiteen merkar seg at regjeringa vil følge opp avtalen mellom dei nemnde partia i både jordbruksoppgjæret og andre relevante prosessar som nemnde i meldinga.

Komiteen viser til at norsk landbruk er en bærebjelke i det norske samfunnet, en forutsetning for vår totalberedskap og for bosetning og verdiskapning i norske distrikter. Landbrukets rolle vil bare bli enda viktigere i årene som kommer. Med stadig mer uforutsigbare klimaforhold og globale handelsutfordringer er det essensielt å ha et sterkt landbruk som kan tilpasse seg og produsere mat under skiftende ytre påvirkninger.

Komiteen vil understreke at det er viktig å skape framtidstro i næringen og legge til rette for at unge mennesker ser landbruket som en attraktiv karrierevei. Å sikre at det finnes en ny generasjon av bønder som er villige til å ta over gårdsdriften, er avgjørende for å opprettholde kontinuitet og innovasjon i næringen.

Komiteen viser til at dersom man skal opprettholde jordbruk over hele landet, forutsetter det at det lønner seg å produsere mat. Det gjør det, i mange tilfeller, ikke i dag.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Venstre viser til den nemnde avtalen, inngått av Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Pasientfokus.

Desse medlemene fremjar på denne bakgrunnen følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at normeringsfaktoren, avsetning til investeringar i avskrivbar eigenkapital og samanlikningsgruppe ligg fast i talgrunnlaget slik det vart nytta ved jordbruksoppgjæret 2024, men at timetalet per årsverk i jordbruket vert redusert med 50 timar til 1 700 timar i to like trinn med verknad for kalenderåra 2026 og 2027.»

«Stortinget ber regjeringa våren 2025 kome med framlegg til jordbrukskonto, med verknad frå og med inntektsåret 2025.»

«Stortinget ber regjeringa leggje til grunn følgjande målsetting om produksjon av økologisk mat: Eit produksjonsmål der 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2032, kombinert med verkemiddel som stimulerer til auka omsetnad av og etterspurnad etter økologisk mat i marknaden.»

«Stortinget ber regjeringa våren 2025, i 'Nasjonal strategi for økologisk jordbruk', kome med framlegg til korleis ein kan auke etterspurnaden etter økologisk mat gjennom ulike konkrete tiltak som legg til rette for auka etterspurnad både frå private og det offentlege. Det skal mellom anna vurderast om det er tiltak i Danmark og Sverige som kan nyttast i Noreg. Det skal vere eit særleg fokus på at norsk økologisk produksjon skal kunne møte ein auka etterspurnad.»

«Stortinget ber regjeringa ha ei kraftig prioritering av Nord-Noreg i jordbruksoppgjæret 2025.»

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt vil påpeke at kalkylen for aktive jordbruksbedrifter må synleggjøre hva arbeidskostnadene til eget arbeid er verd i det nye oppsettet. Statistisk sentralbyrå gjennomfører jevnlig tellinger der arbeidstimer registreres fra jordbruket av flere hensyn også til bruk i Budsjettnemnda for jordbruket. All den tid man har denne oversikten, må sektorens kalkyle for aktive jordbruksbedrifter synleggjøre en budsjettert kostnad for dette arbeidet.

Disse medlemmer mener at alt arbeid må synleggjøres med en minimumskostnad, også den som utføres av bonden selv og bondens familie. Disse medlemmer mener at dette grepet forenkler forståelsen av prinsippene rundt sektorens resultat, og at årsresultatet i kalkylen for aktive jordbruksbedrifter da vil være korrekt korrigert for lønnskostnader.

Disse medlemmer vil påpeke at et nytt årsresultat i kalkylen for aktive jordbruksbedrifter må korrigeres for arbeidsinnsatsen registrert gjennom å bruke Statistisk sentralbyrås jevnlig tellinger slik at resultatmålet er eksklusive arbeidsvederlag. Nytt resultatmål settes da til «Årsresultat for egenkapital». Det settes en

maksimalbegrensning, ikke begrenset nedad, til gjennomsnittlig lønnsinntekt for industriarbeidere når lønnskostnadene innarbeides i kalkylen. Denne kostnaden skal kunne justeres av den til enhver tid sittende regjering.

Med bakgrunn i dette fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen knytte en kostnad i kalkylen for aktive jordbruksbedrifter til de årsverk som blir utført av bøndene og bøndenes egen familie, eksklusive sosiale kostnader. Nytt resultatmål settes da til 'Årsresultat for egenkapital'.»

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Rødt mener det ville vært en styrke for denne viktige saken, og for jordbruket, at det hadde blitt gjennomført en muntlig høring i forbindelse med komiteens behandling av denne meldingen.

Disse medlemmer viser til at regjeringen, og flertallet i komiteen, legger opp til en hastebehandling av store realitetsendringer i hvordan inntektsmulighetene i jordbruket skal vurderes når det gjelder innretning av selve beregningsgrunnlaget. Det eneste argumentet for en slik hastebehandling er at det er viktig av hensyn til årets jordbruksforhandlinger og sikring av forhandlingsinstituttet. Det er ikke et reelt argument fordi Budsjettnemnda for jordbruket utelukkende arbeider på gjeldende oppdrag inntil noe annet er gitt fra partene eller Stortinget.

Medlemene i komiteen frå Arbeidspartiet, Senterpartiet og Venstre viser til at komiteen sjølv har vedtatt framdriftsplan og skriftleg høring i denne saka. Desse medlemene viser vidare til at store delar av innhaldet i denne meldinga vart høyrde både munnleg og skriftleg i samband med komitébehandlninga våren 2024 av Meld. St. 11 (2023–2024) Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti mener dagens jordbrukspolitikkk må endres betydelig slik at virkemidlene gjør det mer lønnsomt å satse på jordbruk. Disse medlemmer mener at det særskilte jordbruksfradraget stimulerer utelukkende til skattemessige tilpasninger av jordbruksbedrifter som ikke hovedsakelig lever av å produsere mat, og at inntektseffekten ut over spart skatt overvurderes i kalkylen for aktive jordbruksbedrifter. Meldingens forslag til jordbrukskonto vil være en bedre tilpasset løsning for de som faktisk har matproduksjon som sitt hovedformål. Disse medlemmer mener en slik løsning vil støtte opp under insentivene til å reinvestere i produk-

sjon fordi dette i realiteten ikke er et fradrag, men en utsett skatteposisjon. Disse medlemmer mener derfor at det særskilte jordbruksfradraget må fjernes.

Med bakgrunn i dette fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fjerne det særskilte jordbruksfradraget.»

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet mener at flertallsavtalen som denne stortingsmeldingen strengt tatt er, fører til det motsatte og svekker Hovedavtalen for jordbruket ved å forhåndsavtale helt typiske jordbruksavtalespørsmål, jf. punkt 3, 4 og 5 i meldingen.

Med bakgrunn i dette fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen respektere forhandlingsinstituttet og overlate behandlingen av punkt 3, 4 og 5 i Meld. St. 10 (2024–2025) til avtalepartene i jordbruksforhandlingene, og komme tilbake til Stortinget ved en eventuelt inngått jordbruksavtale.»

Disse medlemmer mener dagens mål om inntektsutjevning innen 2027 ikke er reelt, og at det gjeldende målet må fjernes for å ikke binde opp fremtidige budsjetter.

Med bakgrunn i dette fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fjerne målet om inntektsutjevning i landbruket med andre grupper innen 2027.»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Miljøpartiet De Grønne mener behandlingen av tallgrunnlaget dessverre har vært preget av hastebehandling, uklarheter og generelt et spent debattklima. Mye av argumentene mot en sammenligning av jordbrukets inntekter opp mot en sammenligningsgruppes lønn, har vært at bønder er selvstendig næringsdrivende. Disse medlemmer foreslår derfor at det settes ned et offentlig utvalg for å se på jordbrukets inntekter sammenlignet med inntektene til andre selvstendig næringsdrivende med tilsvarende selskapsform og regnskapsmessig balanse.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig sette ned et offentlig utvalg som skal vurdere inntektene i jordbruket i forhold til inntektene til sammenlignbare næringsdrivende, både med hensyn til selskapsform og regnskapsmessig balanse.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Miljøpartiet De Grønne viser til at gode inntektsmuligheter for jordbrukerne er viktig for rekrutteringen, investeringer og produksjon av varer, tjenester og fellesgoder i sektoren. Inntektsmulighetene for bonden er derfor det viktigste virkemiddelet for å nå de jordbrukspolitiske målene, og en opptrapping av inntektsmulighetene for jordbruket er avgjørende for å nå målet om økt selvforsyning. Disse medlemmer viser til at inntekt er et særlig mål i jordbrukspolitikken, og samtidig et viktig utgangspunkt for forhandlinger om den økonomiske rammen i jordbruksoppgjøret. Derfor er det avgjørende at beregningen av inntekter i jordbruket gjøres riktig.

Disse medlemmer viser til behandlingen av regjeringens forslag til prinsipper for tallgrunnlag i jordbrukspolitikken i Meld. St. 10 (2024–2025), hvor et flertall ikke stilte seg bak regjeringens forslag, men ba om at regjeringen skulle fremme et nytt forslag for Stortinget. Forslaget regjeringen har fremmet i Meld. St. 10 (2024–2025), mener disse medlemmer at fremdeles ikke gir et godt nok sammenligningsgrunnlag eller beskriver den økonomiske situasjonen for norske bønder på en tilfredsstillende måte.

Disse medlemmer mener at det er korrekt at timeantallet til bønder skal være på nivå med andre arbeidstakere. Disse medlemmer mener det ikke er noen beregningstekniske problemer med å ta utgangspunkt i et riktig timetall allerede fra årets oppgjør, og foreslår derfor at et timetall på 1 700 timer per årsverk skal legges til grunn allerede fra årets jordbruksoppgjør.

Disse medlemmer viser til at om man skal nå målsettingen om 50 pst. selvforsyning korrigerert for import, så trengs det et levende landbruk over hele landet, med ulike forutsetninger fra naturens side, og dette må også inntektsberegningen ta hensyn til. Disse medlemmer mener at den foreslåtte normeringsfaktoren på 20 pst. virker å være politisk heller enn faglig begrunnet. Den foreslåtte normeringsfaktoren på 20 pst. vil blåse opp det målte inntektsnivået i landbruket og således forstyrre beslutningsgrunnlaget for videre jordbruksoppgjør og jordbrukspolitikk.

Disse medlemmer vil vise til at kapital er en innsatsfaktor i jordbruket og derfor også må regnes inn. Når vi snakker om egenkapital og kapitalinnsats, så snakker vi om bøndene og deres families sparepenger og egenkapital som investeres i gården, enten til vedlikehold eller for å gi fremtidig konsummuligheter/lønnsevne. Disse medlemmer vil vise til at misnøyen i næringa med at deres investeringer i egenkapital ikke ble synliggjort i totalkalkylen for jordbruket, er en viktig grunn til at Stortinget nå behandler forslag til prinsipper for tallgrunnlag i jordbrukspolitikken for andre gang.

Disse medlemmer vil vise til at hvis kapitalen i jordbruket ikke godtgjøres, vil den tæres bort. Alternativet til avkastning på egenkapital er enten at kapital og infrastruktur på gården forvitrer, eller at dette finansieres gjennom gjeld. Skal egenkapital favoriseres fremfor gjeld, må avkastningen settes høyere enn gjeldsrenten.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn følgende inntektsmål: Inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper skal tettes innen 2027. Inntektsgapet skal tettes i fremtidige jordbruksoppgjør basert på en modell for måling av inntektsnivå hvor vederlag til arbeid regnes med fratrukk for gjeldsrenter, avsetning til investeringer etter gjenanskaffelsesprinsippet, godtgjørelse for risikostjert egenkapitalavkastning, uten normeringsfaktor, med 1 700 timer som årsverk, og inkludering av jordinvesteringer i kapitalavsetningen.»

## Forslag frå mindretal

### Forslag frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Venstre:

#### Forslag 1

Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at normeringsfaktoren, avsetning til investeringar i avskrivbar egenkapital og samanlikningsgruppe ligg fast i tallgrunnlaget slik det vart nytta ved jordbruksoppgjøret 2024, men at timetalet per årsverk i jordbruket vert redusert med 50 timar til 1 700 timar i to like trinn med verknad for kalenderåra 2026 og 2027.

#### Forslag 2

Stortinget ber regjeringa våren 2025 kome med framlegg til jordbrukskonto, med verknad frå og med inntektsåret 2025.

#### Forslag 3

Stortinget ber regjeringa leggje til grunn følgjande målsetting om produksjon av økologisk mat: Eit produksjonsmål der 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2032, kombinert med verkemiddel som stimulerer til auka omsetnad av og etterspurnad etter økologisk mat i marknaden.

#### Forslag 4

Stortinget ber regjeringa våren 2025, i «Nasjonal strategi for økologisk jordbruk», kome med framlegg til korleis ein kan auke etterspurnaden etter økologisk mat gjennom ulike konkrete tiltak som legg til rette for auka etterspurnad både frå private og det offentlege. Det skal mellom anna vurderast om det er tiltak i Danmark og Sverige som kan nyttast i Noreg. Det skal vere eit særleg

fokus på at norsk økologisk produksjon skal kunne møte ein auka etterspurnad.

#### *Forslag 5*

Stortinget ber regjeringa ha ei kraftig prioritering av Nord-Noreg i jordbruksoppgjæret 2025.

#### **Forslag frå Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Raudt:**

#### *Forslag 6*

Stortinget ber regjeringen knytte en kostnad i kalkylen for aktive jordbruksbedrifter til de årsverk som blir utført av bøndene og bøndenes egen familie, eksklusive sosiale kostnader. Nytt resultatmål settes da til «Årsresultat for egenkapital».

#### **Forslag frå Høgre, Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti:**

#### *Forslag 7*

Stortinget ber regjeringen fjerne det særskilte jordbruksfradraget.

#### **Forslag frå Høgre og Framstegspartiet:**

#### *Forslag 8*

Stortinget ber regjeringen respektere forhandlingsinstituttet og overlate behandlingen av punkt 3, 4 og 5 i Meld. St. 10 (2024–2025) til avtalepartene i jordbruksforhandlingene, og komme tilbake til Stortinget ved en eventuelt inngått jordbruksavtale.

#### *Forslag 9*

Stortinget ber regjeringen fjerne målet om inntektsutjevning i landbruket med andre grupper innen 2027.

#### **Forslag frå Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne:**

#### *Forslag 10*

Stortinget ber regjeringen snarest mulig sette ned et offentlig utvalg som skal vurdere inntektene i jordbruket i forhold til inntektene til sammenlignbare næringsdrivende, både med hensyn til selskapsform og regnskapsmessig balanse.

#### **Forslag frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne:**

#### *Forslag 11*

Stortinget ber regjeringen legge til grunn følgende inntektsmål: Inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper skal tettes innen 2027. Inntektsgapet skal tettes i fremtidige jordbruksoppgjør basert på en modell for måling av inntektsnivå hvor vederlag til arbeid regnes med fratrukk for gjeldsrenter, avsetning til investeringer etter gjenanskaffelsesprinsippet, godtgjørelse for risikostjert egenkapitalavkastning, uten normeringsfaktor, med 1 700 timer som årsverk, og inkludering av jordinvesteringer i kapitalavsetningen.

## **Tilråding frå komiteen**

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til meldinga og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k :

Meld. St. 10 (2024–2025) – Prinsipper for tallgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken – vert lagd ved møteboka.

Oslo, i næringskomiteen, den 1. april 2025

**Erling Sande**

leiar

**Nils T. Bjørke**

ordførar





